



Geir Egil Eiksund vart bokbada av Sander, Rakel og Sophie. Dei tre sjetteklassingane stilte spørsmål som heile klassen har kome fram til. FOTO: INGVILD AURSØY MÅSEIDE

Kjenner seg kanskje mest igjen i onkel Jarle

Geir Egil Eiksund måtte svare på alt frå plassering av bibelsitat til fotball, og kor mykje av boka han har skrive som er sann.

I vår har biblioteka i Hareid, Ulstein, Herøy og Sande samarbeidd om eit prosjekt for å lære born opp i bokbading. Dei har fått pengar frå Nasjonalbiblioteket til dette prosjektet.

Metoden dei nyttar baserer seg på ei pedagogisk tilnærming for samtale om litteratur uavhengig av lesekunne. Det er Vilde Kamfjord som har utarbeidd denne metoden. Skuleborna har samtala om litteratur og kome fram til spørsmåla som forfattaren vart bokbada i.

Tidlegare i veka vart Geir Egil Eiksund, forfattaren bak boka «Kampen» bokbada av elevar ved Gursken oppvekstsenter. Denne veka var det sjetteklassingar ved Bigset skule sin tur. Og til hausten er det Ulstein og Herøy som skal i elden.

Det var forskjellig sjetteklas-

singane lurte på etter dei hadde lese boka til Eiksund. Dei ville mellom anna vite om Ljåvika, som handlinga er lagt til, finst på ordentleg. Nei, forfattaren fortalde at det var ein stad han hadde dikta opp. Han ville lage ein stad som likna litt på små stader på Vestlandet.

Kampen handlar om 11 år gamle Andreas. Ein fotballglad gut som forelskar seg i Viljar. Boka handlar om vennskap, kjærleik, sjalusi og om å bli kjent med seg sjølv på ny.

– Kvifor hengde mora opp så mange Bibelsitat, vil borna vite.

Forfattaren sjølv svarer at det veit han i grunnen ikkje. Han trur ho gjer det for at ho finn trøyst i sitata. Det med religion var viktig i oppveksten til Eiksund, og det ville han flette inn i boka på eit vis. Han fortalde at i nokre kristne miljø kan det kanskje vere ekstra vanskeleg å vere open om at ein er homofil, ein trur ikkje at dei andre vil akseptere det. Geir Egil Eiksund fortalde at han skjøna at han likte gutar frå han gjekk i femteklasse, men han kom

ikkje ut før han var 25 år.

Då han gjekk på barneskulen var dei berre sju i klassen. I seinare tid har det vist seg at fire av dei er homofile. Alle fire trudde at dei var aleine om legninga si.

– Tenk om me hadde visst om kvarandre, sa Eiksund.

Gjennom denne boka ville Geir Egil Eiksund ta opp to tema som ikkje er så vanleg i barnelitteratur: homofili og kristendom. Og han ville vise at det kan gå bra. Han er sjølv både kristen og homofil, og med han går det bra.

Han fekk spørsmål om han hadde skrive ei bok om seg sjølv, og om boka er sann. Nei, det er ei oppdikta historia, men ho har ein del element i seg som er sanne, og Eiksund har brukt ein del av seg sjølv i boka. Men han meinte han hadde mest til felles med onkelen til Andreas, onkel Jarle.

Borna ville vite kvifor det hadde gått så lang tid før onkel Jarle kom på besøk. Eiksund svara at det hang nok saman med at onkel Jarle var redd for



Geir Egil Eiksund, som sjølv er homofil, meiner at folk må få stå fram som homofil når dei sjølve er klar for det.

FOTO: INGVILD AURSØY MÅSEIDE

kva som ville skje når han kom heim etter han hadde stått fram som homofil.

Forfattaren fekk også spørsmål om kva som skjer vidare, blir det fleire bøker? Jau, det håper Eiksund. Han driv og skriv på ein oppfølgar, der det er Viljar som er hovudpersonen. Og deretter har han lyst til å skrive ei bok der Sara er hovudpersonen. Han vil øve seg litt meir før han skriv ei bok der

ei jente er hovudpersonen.

Forsamlinga ville vite kva fotball-lag han heier på. Det er Watford. Han ville eigenleg ha med det laget i boka, men forlaget meinte det var lurare å nytte fotball-lag som lesarane hadde høyrte om, difor vart det Manchester United og Liverpool.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE
ingvild@vikebladet.no